

2 uskedelingar i ungdomskoret?

27.03.2011

**Frå hausten skal Maria Malmsten starta ungdomskor i kulturskulen.
Vil ein få sjå og høyra mange uskedelingar blant kormedlmmene?
Det kan ingen svare på i dag, men det er i alle fall naturleg å
tenkje seg at Aleksander Rebaudo (17) og Birte Nybakk (14) blir med.**

Det blir bekrefta av Maria, som strekar under at dette er ei frivillig sak og at søknadsfristen er 15. april som for kulturskulen ellers. Øvingane skal gå føre seg på Underheim skule på torsdagane.

Det er ikkje noko krav om at ein må gå på solosong for å bli med i koret. Derimot er det eit krav at ein har fylt 13 år og utan at det er sagt eller skreve finn Maria det naturleg at øvre aldersgrense ligg rundt 18 år.

Ho lovar dei som vil søkja eit svært allsidig repertoar og håpar at også guitar vil finna tilbodet fristande.. Noko tak for talet på songarar har ho ikkje lyst til å operera med.

Både Aleksander og Birte har i den seinare tid markert seg som svært lovande songtalenter. Dei har til dømes sunge med Røysterett for alle. Birte var også å høyra under UKM på Husnes tidlegare i vinter.

Av Ola Matti Mathisen